

Sjekkliste dyrking/landbruksvegsøknad:

Skjema:

SLF – 0160 Søknad om godkjenning av plan for nydyrking

SLF – 902 Søknad om bygging av landbruksveg.

Skjema finn du på kommunen si heimeside eller Landbruksdirektoratet si heimeside:

<https://www.slf.dep.no/no> “Eiendom og skog” - Nydyrking /skjema eller Om skogbruk/skjema.

Fyll ut skjema.

Felt ”spreieareal og grovfôrareal nok på bruket” på søknadsskjema for dyrking må fyllast ut for å vite noko om behovet for meir dyrka mark ved husdyrproduksjon.

Produksjonen på bruket seier og noko om behov for areal.

Ca størrelse på areal som skal dyrkast i da, OG areal eller veg teikna inn tydeleg i kart.

Kva type areal er dette no; skal det fulldyrkast eller overflatedyrkast, og kva skal det nyttast til:

Kva er dei økonomiske/driftsmessige fordelane!!!! Kost/nytte på vegar.

Vegar, vegstandard, grøfter/stikkrenner og grusing? Formål, lengde i alle fall teikna på kart.

Underskrift

Dersom tiltaket er ”vesentleg terrengeinngrep” dvs endring i terrenget før og etter over 3 m høgdeforskjell i grisgrendte strok, er det og søknadspliktig etter plan og bygningslova.

I dyrking/planeringssaker er det berre føretak med ansvarsrett som kan stå for prosjektering og utføring. Du må difor ta kontakt med nokon med ansvarsrett som kan ordne dette. Aktuelle skjema i

høve plan og bygningslov kan då finnast på nettsida: www.dibk.no under ”skjemaer og blanketter”

Då er det aktuelt med søknad, ansvarsrett, nabovarsel.

Vedlegg til søknad om dyrking/bygging av veg:

*skisse kurvatur/profiler terrenget, før og etter!

*Massepåfyll, kor mykje massar i m³, kor tjukt lag, kvar kjem massane frå/reine massar?

*Drenering, bekkar, kvar leie vatnet hen, lukking/opne bekkar

*Kulturlandskap; driftsvegar, steingardar

*Er her tilkomst til dyrkingsarealet på eigen grunn, vegrett, nabovarsel?

Kart:

Legg ved kart der omsøkt arealet eller vegtrasear er teikna inn.

Kart kan du finna på skog og landskap si heimeside: <http://skogoglandskap.no/>

Gå vidare til ”gardskart på internett”

”se kart på nett”

Skriv inn kommune, gnr og bnr på det arealet du skal gjere tiltak i. og trykk ”vis Gardskart”.

I menyen kan du velje om du vil ha fargekodar for dyrka/beite/skog, eller om du vil ha Ortofoto.

I kartet kan du teikne inn strek – måle avstand/teikne veg, eller du kan teikne inn areal/måle areal.

Val i menyen oppover kartet. Det du teiknar kan du skrive ut eller lagre som ei PDF fil og legge ved søknaden. Meny for utskrift og langring nede til venstre. Alternativet er å skrive ut kartet og deretter teikne for hand og legge kartet med søknaden.

Alle søknadar blir sendt på høyring til Rogaland Fylkeskommune i forhold til aut. freda kulturminne.

Nokon saker blir sendt til Fylkesmannen og/eller NVE på høyring.